




Årsrapport
2010

JÆRMUSEET



Innhold:

Omtale av verksemda [side 3–4] Organisasjon [side 5] Økonomi [side 6]
Særlege prosjekt i 2010 [side 7–8] Forvaltning [side 9–10]
Forsking og kunnskapsproduksjon [side 11] Formidling [side 12–15] Fornyng [side 16]
Resultatrekneskap [side 17] Balanse [side 18–19] Kontantstraumanalyse [side 20]
Noter [side 21–25] Revisjonsberetning [side 26]

Omtale av verksemda

Stiftinga Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Rogaland og Agderfylka.

25 ÅRS JUBILEUM

Jærmuseet blei stifta i 1985 og kunne feira 25 års jubileum i 2010. Jærmuseet er det yngste, og var lenge det minste, av dei fem regionmusea i Rogaland. I løpet av denne 25 års perioden har Jærmuseet blitt det største regionmuseet i fylket; eit moderne museum som både har fått nasjonal og internasjonal museumsheider.

I samband med dette blei Jærmuseet i 2010 m.a. invitert til å presentera museet sine formidlings- og utstillingskonsept under «Luigi Micheletti Foundation» sitt 15 års jubileum i Brescia, Italia, og på konferansen «Best in Heritage» i Dubrovnik, arrangert av European Heritage Association saman med Europa Nostra, og blei med det innlemma i «Club of Excellence».

OVERORDNA MÅL

Jærmuseet er ein vitenskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Me skal fremja interessa for kunnskap, utdanning, forskning og kompetansebygging i vår region, og særleg stimulera barn og unge si interesse for teknologi og naturvitenskap, utforskartrøng og samfunnsengasjement.

Jærmuseet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi. Me forvaltar og produserer kunnskap og formidlar kunnskapsbaserte opplevingar.

AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune. Jærmuseet har driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- **Vitengarden, Nærbø**, har eit særleg ansvar for å utvikla og formidla kunnskap og opplevingar knytt til dei «grøne» naturvitenskapane, biologi og geofag, samt kulturlandskap, reiskapsutvikling, jordbruk og matproduksjon i vid forstand. Museumsgarden Kvia 4-H gard og den historiske garden Audamotland blir driven som del av Vitengarden.
- **Vitenfabrikken, Sandnes**, har eit særleg ansvar for å utvikla og formidla tilbod med utgangspunkt i regional industri- og teknologihistorie, visa samanhengane mellom teknologi og kunst, samt matematikk og astronomi. Krossens havremølle, det historiske tunet Austrått, snekkerverkstaden på Vagle og fleire kvernhus i Sandnes kommune er del av Vitenfabrikken.
- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødalaland og andre antikvariske bygningar i Hå kommune.





Mer enn hundre romfart-entusiastar var på Vitenfabrikken i august då dr. Tara A. Estlin frå NASA snakka om utforskinga av Mars. Forskaren styrer Mars-robotene Spirit og Opportunity. →

Foto: Hallvard Nygård, Jærmuseet.

I samband med at «Luigi Micheletti Foundation» feira 15 års jubileum hausten 2010, blei Målfrid Snørteland invitert til jubileumfeiring i Roma og Brescia saman med tre av dei andre Michelettiprismottakarane og andre samarbeidspartar.

Foto: Luigi Micheletti Foundation.





3. desember inviterte Jærmuseet stiftarkommunane, fylkeskommunen, nåverande og tidlegare styremedlemmer og andre gode samarbeidspartar til 25 års feiring på Vitengarden. Foto: Tormod Aass, Jærmuseet.

Sigbjørn Stangeland er ein av «veteranane» i Jærmuseet. Før han blei tilsett som museumskonsulent på Vitenfabrikken / (Sandnes museum) i 2003 var han aktiv i det frivillige museumsarbeidet i Sandnes gjennom styret i Sandnesmuseet. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

- Gjesdal bygdemuseum med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske bygningar i Gjesdal kommune.
- Klepp bygdemuseum med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune.
- Randaberg bygdemuseum sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.
- Tungenes fyr, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, er ein del av etatsmuseet for Kystverket, Kystverkmusea, saman med Lindesnes fyrmuseum, Sunnmøre museum/ Dalsfjorde fyrmuseum og Museum Nord/Lofotmuseet.
- Nasjonalt Garborgsenter, Time, er under oppbygging på Bryne og er samlokalisert med nytt folkebibliotek.
- Science Circus er Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter og oppsøker skular i Rogaland og Agderfylka.
- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjør til

saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet («sørvestnorsk vitensenter»).

- Jærmuseet/Vitengarden forvaltar Hanabergmarka kulturminne- og friluftsområde. Dette er eit 670 da stort statleg kulturminne- og friluftsområde som grensar til museumsområdet på Kvia og som museet lenge har nytta både til formidlings- og forskingsformål.
- Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard til museumsstatistikken, og HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

MUSEUMSREFORMA, STATUS KONSOLIDERING I JÆRREGIONEN

I 2009 inngjekk museet ein intensjonsavtale med Sola kommune, Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistoriske Museum med sikte på konsolidering i løpet av 2010.

Prosesen har blitt forlenga, og full konsolidering vil neppe skje før 1. januar 2012.

Organisasjon

STYRET

Pr. 31.12.2010 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

- Arne Norheim, styreleiar, oppnemnd på fritt grunnlag
Vara: Torleiv Bilstad
- Inglen Haugland, oppnemnd på fritt grunnlag
Vara: Tobias Ånestad
- Tom Tvedt, nestleiar, Rogaland fylkeskommune
Vara: Ellen Solheim
- Olaug V. Bollestad, Gjesdal kommune
Vara: Torill Idland
- Magnar Mattingsdal, Hå kommune
Vara: Terje Mjåtveit
- Elfin Lea, Klepp kommune
Vara: Torbjørn Hovland
- Øyvind Revheim, Randaberg kommune
Vara: Tone Tvedt Nybø
- Norunn Østråt Koksvik, Sandnes kommune
Vara: Stanley Wirak
- Per Øhman, Sola kommune
Vara: Per Inge Rud
- Brigt Åge Høyland, Time kommune
Vara: Michael Evans
- Sven Gundersen, tilsette
Vara: Ingeborg Nærland Skjærpe

ÅRSVERK

I 2010 blei det utført vel 55 betalte årsverk i Jærmuseet, fordelt på 33 årsverk kvinner og 22 årsverk menn. I tillegg blei det registrert 0,8 årsverk utført av frivillige. Museet hadde 50 faste stillingar. Inkludert vertar og ekstrahjelp mottok i gjennomsnitt 86 personar regelmessig løn frå

Jærmuseet i løpet av året, medan det i alt blei sendt ut 175 løns- og trekkoppgåver.

Gjennomsnittsalder i staben er 40,8 år.

LIKESTILLING

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette; av dei fast tilsette er 33 kvinner og 17 menn. Direktør, nestleiar og tre avdelingsleiarar er kvinner, ein avdelingsleiar er mann. Styret består av åtte menn, inkludert styreleiar, og tre kvinner.

PERSONAL- OG KOMPETANSEUTVIKLING

Fleire medarbeidarar har fått støtte til kurs og vidareutdanning som har gitt studiepoeng.

Jærmuseet har dessutan lagt vekt på å skulera personalet gjennom eigne personalsamlingar og studieturar til andre museum og vitensentra i inn- og utland.

ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt. I 2010 var samla sjukefråvær 4,9 %, inkludert eigenmeldingar, fråvær ved barns sjukdom og foreldrepermisjonar.

Verksemda i Jærmuseet har ikkje skadd eller påverka det ytre miljø i 2010. Verksemda produserer ikkje og leverer ikkje produkt som kan skapa miljøproblem.

TILGJENGE

Alle tiltak og planar blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming.



← Nils Njå frå Time var den fyrste styreformannen i Jærmuseet (1985–1992) og heldt helsingstale på jubileumsfesten. Han overrekte gåve til direktør Målfrid Snørteland.

Foto: Tormod Aass, Jærmuseet.

Nåverande styreleiar i Jærmuseet Arne Norheim drøser med representantane frå Sola. F.v. Birger Strand, styreleiar i Stiftelsen Flyhistorisk Museum Sola, Marianne Evensen, Sola kulturkontor, Fred Roland, kultursjef, Arne Norheim og Rasmus Svihus, tidlegare styreleiar i FMS.

Foto: Tormod Aass, Jærmuseet.



Økonomi

Museet hadde i 2010 ei samla omsetning, inkludert bruk av øyremerka prosjektmidlar, på vel 43,5 mill. kroner. Dette talet inkluderer prosjekt og investeringar i utstillingar, men ikkje nybygg. Årsresultatet var dette året kr 764 000, og kan tilskrivas gode renteinntekter.

Eigeninntektene frå billettsal, kommersielle aktivitetar og andre eigeninntekter utgjorde vel 7,57 mill., museet fekk inn vel 3,86 mill. kroner i ulike prosjektmidlar, medan sponsorinntekter og private gåver utgjorde til saman 11 mill., – mest til Garborgsenteret.

Nærare oversyn over tilskot og gåver i rekneskapen.

Staten ved Kulturdepartementet er den største bidragsytaren til institusjonen.

Institusjonen har god likviditet, og har tilstrekkeleg fri eigenkapital som trygd mot uventa kostnads- og inntektsvingingar. Det er sett av eige vedlikehaldsfond for museet sine bygningar.

FRAMLEIS DRIFT

Institusjonen har føresetnader for å driva vidare, og årsrekneskapen for 2010 bygger på denne føresetnaden.

BESØK OG OPNINGSTIDER

I 2010 hadde Jærmuseet driftsansvaret for i alt åtte anlegg som var opne for publikum. Vitengarden og Vitenfabrikken var heilårsopne, dei andre var sesongopne eller opne etter avtale.

Museet sine anlegg hadde til saman 144 548 gjester, av dette utgjorde barn og unge i organiserte opplegg 33 649, medan over 39 500 barn besøkte anlegga våre utanom organiserte grupper, noko som betyr at om lag 50 % av det samla publikumstalet vårt er barn og unge. Medrekna 47 500 gjester til Hå gamle prestegard, kan Jærmuseet totalt rapportera eit besøkstal på 194 607 til museumsstatistikken for 2010.

Flest opningstimar for det allmenne publikum hadde avdelinga Vitenfabrikken med 1786 timar. I tillegg hadde Jærmuseet ope 2118 timar for bestilte besøk utanom opningstid, fordelt på 429 grupper.

Det er høve å kjøpa medlemskort eller årskort for familiar eller enkeltpersonar.

Alle innehavarar av følgjebvis for funksjonshemma har rett til gratis billett for ein følgjeperson.

DEI OFFENTLEGE DRIFTSTILSKOTA I 2010 FORDELER SEG SLIK:

Fordeling av offentlege tilskot, eks. Hå gamle prestegard (HGP)	[Tal i mill. kroner]			
	2010	2009	2008	2007
Jærkommunane	7 950	7 739	6 088	4 868
Rogaland fylkeskommune	4 928	4 695	2 844	2 616
Kulturdepartementet (eks. HGP)	11 391	9 891	7 802	4 946
Den kulturelle skulesekken		600	1 200	1 200
Kunnskapsdepartementet / Noregs Forskingsråd	3 650	3 600	3 239	2 600
Fiskeri- og kystdepartementet / Kystverket	1 033	1 000	500	
	28 952	27 525	21 673	16 230

Sponsor- og prosjektmidlar	[Tal i mill. kroner]		
	2010	2009	2008
Oversyn over sponsormidlar og gåver frå private	11 044	2 522	2 394
Andre (offentlege) tilskot og prosjektmidlar	3 864	4 933	2 034

Tilskot og sponsormidlar til byggeprosjekt er ikkje med i dette oversynet.



16. juni kunne regionbanksjef Elin Garborg (t.v) og konsernsjef i Sparebank1 SR-bank, Terje Vareberg, kunnjera ei svært generøs gåve til Garborgsenteret. For kvar krone som Garborgsenteret samlar inn frå andre, vil SR-bank gi tilsvarande sum – inntil 9 mill. kroner! Same dag blei også Inger Undheim (t.h.) presentert som ny avdelingsleiar.

Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

Særlege prosjekt i 2010

NASJONALT GARBORGSENTER

I 2010 har arbeidet med Garborgsenteret i Time tatt eit langt steg framover.

Første oktober begynte Inger Undheim som ny avdelingsleiar for senteret. I august blei dessutan Jorunn Osland engasjert som lektor i 50 % stilling. Hausten 2010 opna også det nye folkebiblioteket i Time, og dei tilsette på Garborgsenteret kunne flytta inn i eigne lokale.

Før sommaren blei det utlyst ein plan- og designkonkurranse for utstillingane, og i november blei det klart at Stavangerfirmaet «Mediafarm» hadde vunne dette oppdraget.

Utstillingane og aktivitetane i senteret skal formidla kunnskap om Arne og Hulda Garborg, deira liv og litteratur, og inspirera nye generasjonar til samfunnsengasjement, kreativ skaparkraft, debatt og kritisk refleksjon. Utstillinga vil bestå av ulike interaktive stasjonar samt eit rollespel om språk. Målet er at dei nye utstillingane skal vera ferdige vinteren 2012.

I 2010 blei det utbetalt 9,3 millionar kroner i gåver og sponsormidlar til senteret.

Kulturdepartementet løyvde 7 mill. til prosjektet i 2009. Me er og svært glade for at Kulturdepartementet i Statsbudsjettet for 2011 sette av 3 mill. kroner årleg til Jærmuseet for å drifta Nasjonalt Garborgsenter, og Rogaland fylkeskommune har vedtatt eit årleg driftstilskot på 1,1 mill. kroner.

SANDNES BY 150 ÅR

Vitenfabrikken markerte 150 års jubileet for Sandnes gjennom ei rekkje arrangement og nye utstillingstema.


Sandnes er i dag ein av dei mest fleirkulturelle byane i Norge. I samband med byjubileet blei det på Vitenfabrikken laga ein ny interaktiv utstillingsstasjon, «Kem è Sandnes?», som m.a. belyser kor innbyggerane kjem frå, som skal engasjera innbyggerane og skapa sterkare identitet og lojalitet til byen, men og fremma toleranse og styrka den interkulturelle dialogen. Utstillingstemaet er utvikla i samarbeid med UiS og Det norske Utvandrersenteret, og blei opna av dronning Sonja 14. april. Denne dagen lanserte Vitenfabrikken den første norskproduserte digitale planetariefilmen, «Sandnes i fortid, nåtid og framtid», ein kort og humoristisk animasjonsfilm om Sandneshistoria gjennom 10 000 år, inklusivt eit blick fram mot 2160.

Planetariefilmen «Sandnes på 12 minutt» framstiller historia og framtidsvyer med eit smil.

Foto: Hallvard Nygård, Jærmuseet. →

Mange fekk eit kjært gjensyn med historisk mote – alt frå dongeri til brurekjolar. Her er det brudgommen sjølv, Bjørn Sundby, som har fått ny «modell» i kona sin strikka brurekjole frå 1970.

Foto: Sven Gundersen, Jærmuseet.





20. september opna statssekretær i Utanriksdepartementet, Ingrid Fiskå, (bildet under) utstillinga «Ei verd på spel» som handlar om FN sine 2015 mål.

Foto: Jærmuseet.



Vårt fyrste kongeleg besøk i Jærmuseet fann stad på Vitenfabrikken då Sandnes feira byjubileum 14. april. Dronninga fekk innføring i Jacquard-veven av Anne Jorunn Frøyen og Kristin Harbo.

Foto: Hanne Madsen.



Magisk kveld med taterar og Garborg

3. november var det for fyrste gong ope publikumsarrangement i dei nye lokala til Garborgsenteret. Tidlegare skulesjef i Bømlø, Kristian Bredesen, presenterte boka si «Taterbiskopen», og fortalde om vennskapet mellom Arne Garborg og tateren Martin Johan Mathiassen Schou. Ivan Storm Juliussen fortalde og om oppveksten sin som tatergut, og song taterviser. Oppslutninga om kvelden var overveldande – omlag 200 framtmøtte! Klipp frå Jærbladet 5.11.2010.

I samband med byjubileet blei det og arrangert ein «historisk catwalk», i samarbeid med Vitenfabrikken sine venner, eit vellukka arrangement som trekte nytt publikum til museet.

«EI VERD PÅ SPEL»

Dette er ei temporær utstilling som blei opna av statssekretær i Utanriksdepartementet, Ingrid Fiskå, på Viten-garden hausten 2010.

I 2007 vedtok styret at denne utstillinga skulle vera Jærmuseet sitt bidrag til Mangfaldsåret, og arbeidet med utstillinga føregjekk i stor grad i 2008. Utstillinga er bygd opp som eit stort Brettspel der deltakarane, gjennom ulike eksperiment og aktivitetar, skal løysa ein del oppgåver som er knytt til FN sine 2015 mål. Utstillinga er eit sam-

arbeid med det danske vitensenteret Eksperimentarium i København, og opna der våren 2009. Utstillinga har ei kostnadsramme på omlag 5 mill. DKR. Prosjektet er støtta av dansk Ud, ulike danske fond, Nordisk kulturfond, Norad og Sparebank1-SR-bank.

I samband med «Ei verd på spel» har Jærmuseet Viten-garden invitert til samarbeid med ei rekkje humanitære organisasjonar – slik som FN-sambandet i Rogaland, ICORN (Fribyforfattarane), Kirkens Nødhjelp, Rogaland 4H, Leger utan grenser, Redd barna og Amnesty International. Hå kommune har og vore ein viktig samarbeidspart og støttespelar.

Organisasjonane har m.a. stilt med eige personale og tatt ansvar for store delar av formidlinga.

Forvaltning

Musea skal arbeida med fylgjande hovudoppgåver: forvaltning, forskning, formidling og fornying.

Musea er kunnskapsprodusentar som dokumenterer, samlar og forskar på ulike tema. Jærmuseet sine samlingar omfattar både materiell og immatriell kulturarv. Me er også ein arkivinstitusjon med aktiv innsamling av bedriftsarkiv. Samlingane våre består såleis av bygningar, gjenstandar, foto, lydarkiv, film/video og papirdokument.

REGISTRERING OG DOKUMENTASJON

Fylgjande arbeidsoppgåver blei prioritert i 2010:

• Digitalisering av samlingane

Jærmuseet gjekk ut på digitalt museum 18. mars: www.digitaltmuseum.no. Då blei det lagt ut 4 300 gamle foto og foto av gjenstandar frå samlingane våre: frå Jonas Øglænd og Polaris, Kvernlands fabrikk og Hå bygdemuseum. Foto og gjenstandar blir lagt ut fortløpande. Ved utgangen av året var talet auka til 5 100 objekt.

• Fotonettverk Rogaland – tverrsektorielt fellessøk

På www.fotonettverk-rogaland.no er det nå ein søkbar fotodatabase der me kan finna fotografi frå Jærmuseet, Norsk Oljemuseum, Haugalandmuseene og Ryfylkemuseet. Det ABM-prosjektet blei avslutta i 2010. Målet er å få Rogaland fylkeskommune til å bidra til ei permanent finansiering av denne fellesportalen for arkiv og museum i Rogaland.

• Registrering av restansar i samlingane

Museet har nå ansvar for 7 lokale museumssamlingar i tillegg til Stiftinga Jærmuseet si eiga samling. Dei ulike samlingane er registrerte på ulikt vis, dels uregistrerte. I 2010 er fylgjande tiltak prioriterte:

- *Hå bygdemuseum*: Rydda smia på Motland (frå 1840), 234 gjenstandar er registrerte i Primus, nummererte og fotograferte.
- *Randaberg bygdemuseum*: 758 gjenstandsregistreringar på kort med 708 foto er digitalisert og overført til Primus. Registrering av uregistrerte gjenstandar på Vistnestunet og Tungenes fyr er påbegynt.
- *Klepp bygdemuseum*: Ein skut i skulehuset er rydda, museumsgjenstandane køyrt på magasin.
- *Jonas Øglænds bedriftsmuseum*: 100 nummer av bedriftsbladet «Vi hos Øglænd» er skanna til pdf, 1 500

papirfoto (trykkoriginalar til bedriftsbladet) er klart til registrering i Primus.

BEVARING OG SIKRING

Det er installert brann og tjuverialarm på dei fleste anlegga. Tilsyn med alarmane døgnet rundt har vore oppgåver for dei tilsette, noko som ikkje har vore tilfredstillande. Det er nå inngått avtale med vaktsselskap om tilsyn med alarmane på tre av dei lokale anlegga og Vitengarden. Me har frå før avtale med eit anna vaktsselskap på Vitenfabrikken.

Ein samla magasinrapport for Jærmuseet blei behandla av styret i mars 2010. Rapporten viser at me har 25 000 magasinerte gjenstandar på 14 lokaliteter. Ni lager er i leigde lokale – som dels er dårleg sikra, har dårleg klima eller kortsiktige leigetilhøve, og skal fråflyttast frå seks lokale i 2010–2012. I tråd med magasinplanen blei egne magasin på Vitengarden og Vitenfabrikken oppgraderte; det blei installert hyller og pallereolar i tilsaman 1046 m² magasin fordelt på dei to anlegga. Samla investering med egne midlar: kr 877 500,-.

BYGNINGSVEDLIKEHALD

Museet har nå ansvar for 57 små og store kulturhistoriske bygningar som er spreidd på 21 ulike lokalitetar i fem kommunar. Dei får alle tilsyn minst ein eller to gonger i året.

SÆRSKILT VEDLIKEHALD OG UTBETRINGER I 2010:

- **Bruk av ekstraordinære tiltaksmidlar frå KUD:**
 - Museet fekk kr 410 302,- til «Blekkhuset», Gjesdal. Det blei brukt kr 232 782 i 2010, restsummen skal brukast til innreiing.
 - Midlane til restaurering av heimehuset på Audamotland, Hå, kr 296 589,- er brukt opp.

• Eigne midlar til vedlikehald

Lokale anlegg, fellesutgifter	kr	49 587
Hå bygdemuseum	kr	11 143
Klepp bygdemuseum	kr	5 399
Gjesdal bygdemuseum	kr	42 102
Vistnestunet	kr	35 369
Thranegården	kr	26 000
Vitengarden	kr	696 710
TOTALT	kr	866 310



10
Smia på Motland var i bruk av Simon, Sven og Simon – tre generasjonar frå rundt 1850 og omlag 100 år fram i tid. Nå er alle gjenstandar i smia registrerte og mykje lagt på magasin.

Foto: Håvard Tørrussen, Jærmuseet

Galleri Tranegården er blitt ein populær stad å besøka i Sandnes.

Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet. →

Vistnestunet, Randaberg: Det er bygd eit kombinert kontor-, opphalds-, kvile- og lagerrom i matbua i heimehuset, slik at personale får brukande arbeidstilhøve.

Tungenes fyr: «Senter for konserveringssamarbeid i Rogaland» utarbeidde rapporten «*Tungenes fyr, plan for konservering og bevaring*». I 2010 blei avfuktar installert i Sjøbruksmuseet, og det blei innført betre rutinar for oppvarming av fyrbustaden.

Grødaland, Hå: Alle vindauger er behandla med linolje og tre vindauger i Torehuset er totalrestaurert. Sprinkleranlegget har hatt sørvis. Kompressoren vart bytta ut.

Smia på Motland, Hå: Smia blei rydda slik at bygningshandverkaren fekk sjekka konstruksjonen frå innsida.

Museumsbygget på Vitengården, Hå: Steingardane i inngangspartiet er tatt ned og lødd om. I museumsbygget er det utført fleire større vedlikehaldsoppgåver. Det er skifta materialer i skutane ved auditoriet, inklusiv fornying av sperrekonstruksjonen over ventilasjonssjakta. Det er utført omfattande utskifting av takvindu i auditoriet og kafe/kontorbygget. Takvindu i kontordelen mot nord er reparert.

Kviagården, Hå: Alle tak på Kviagården er gått over og ca 100 takpanner bytta ut.

Audamotland, Hå: Heimehuset: Ved hjelp av ekstraordinære tiltaksmidlar engasjerte museet byggmeisterfirmaet Høie-Apeland til å panela huset ferdig. Vegger og tak i skut er rekonstruert. Mag.art. Carl Egil Buch har vore konsulent for arbeidet. Museet sine handverkarar vil gjera det meste av gjenstående arbeid (m.a. bygga nye bislag og leggja torv på skuttaket) innanfor ordinært driftsbudsjett.

Toalettbygget: Byggesøknad blei godkjent tidleg på året og entreprenør, byggmeisterfirma Høie-Apeland, blei engasjert. Han slutførde arbeidet i september. 24. september kom kulturminister Anniken Huitfeldt på besøk til eit fint rydda tun.

Limagården, Gjesdal: Heimehuset skulle målast i 2010, men då arbeidet begynte blei det avdekka store fuktskader på lafteveggen i gavlen. Det skuldast ukyndig rehabilitering av bygningen på 1980-talet. Skadd tømmer måtte derfor reparerast og veggen byggast opp att på nytt.

Nye låa: Her er det og utbetra skadar frå dårleg utført arbeid på 1980-talet. Eit tjukt lag betong blei då lagt på tregolvet i låven, og den berande konstruksjonen blei støypt fast i betongen og delar av det utvendige panelet. Det har ført til store råteskader i konstruksjon og panel rundt løeporten, med setningskader som følgje. Skadane er til dels retta opp ved å jekka opp konstruksjonen og erstatta det morkne treverket med beslag.

«**Blekkhuset**», eit tidlegare hønsehus på gården, blei rive i 2009. Ekstraordinære sysselsettingsmidlar sette oss i stand til å bygga opp nytt hus med same ytre dimensjonar og utsjånad, men det er isolert hus og lagt til rette for utstillingar. Arbeidet er utført av byggmeisterfirmaet «Snekkerbygg». Innreiing vil bli gjort i 2011 av eigne handverkarar. **Miljøloftet** er ferdig oppussa og sett i stand til møte- og undervisningsrom.

Haugabakka, Klepp: Sprinkleranlegget er ettersett og reparert. Det er inngått sørvisavtale om årleg ettersyn. Golvet i skulestova er forsterka.

Austrått, Sandnes: Thranegården, heimehuset: Takvatn frå austre del av taket er førd i røyr til kum på tunet; og frå vestre del til nygravd sigegrøft på tomte. Det er gravd ein halv meter brei grøft langs gavlane og søre langsida der det er lagd filterduk og dreinsrør overdekkja med singel. På toppen er det lagd kulestein slik at graset ikkje veks heilt inn til huset. Dreinsvatnet er ført ut i sigegrøfta. Arbeidet var særst vel utført av firmaet Bryne Stein- og hageservice. Arbeidet er kosta av Jærmuseet.

Forskning og kunnskapsproduksjon

Jærmuseet har som mål å gjennomføra egne forskingsprosjekt, gjerne i samarbeid med eksterne forskingsmiljø. Resultata skal i formidlast gjennom utstillingar og publikasjonar.

Dei fleste av Jærmuseet sine tidlegare forskings- og dokumentasjonsprosjekt har vore knytt til dokumentasjon av jordbruk og matproduksjon på Jæren i samtid iog nær fortid.

- Sidan 2004 har museet arbeidd med dokumentasjons- og forskingsprosjektet «*Skjøtsel og tilbakeføring av lynghei på Låg-Jæren*», i tett samarbeid med Bioforsk Vest og andre kompetansemiljø. Arbeidet så langt er presentert i ein artikkel i «*Bondevennen*» hausten 2010. Prosjektet blir vidareført i 2011. Det blir også prosjektet «*Norgesgarden*», i regi av Kulturlandskapsnettverket kor Jærmuseet bidrar

med dokumentasjon av Audamotlandsgarden. Til dette har museet tilsaman fått 100.000 ? frå Kulturrådet/Forskningsrådet i prosjektstøtte. Museet har levert ein artikkel i 2010 som vil bli publisert i tidskriftet *Heimen* i 2011.

- Museet førebur og eit nytt prosjekt med arbeidstittel: *Jæren i miljøhistorisk perspektiv*.

- Avdelingsleiar på Tungenes fyr har starta opp samtidsdokumentasjonsprosjekt om både los og trafikkssentraltenesta. Målet er å dokumentera Trafikkssentraltenesta frå oppstarten i 1978 og fram til i dag. I løpet av 2010 er det gjennomført feltarbeid og intervju. Materialet vil m.a. bli formidla gjennom ei vandretstilling, og gjennom ein vitenskapleg artikkel.



Navigasjon er tema både for forskning og undervisning på Tungenes fyr.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.

Kulturminister Anniken Huitfeldt tok turen til Audamotland for å retta søkjelyset mot vern av kulturhistoriske hus. Då fekk ho ei praktisk innføring i arbeidet med å legga stein på stein.

Foto: Helene Østby Larsen, Jærmuseet.

Formidling

Jærmuseet sine formidlingsprinsipp bygger på interaktivitet og vitensenterpedagogikk, aktualitet og samfunnsrelevans, og mottoet: «opplev-delta-utforsk». Utstillingstema og aktivitetar blir ofte til i samarbeid med med eksterne forskings- og fagmiljø, organisasjonar eller institusjonar. I 2010 er både basisutstillingane på Vitengarden og Vitenfabrikken supplerte med nye tema og utstillingsinstallasjonar.

NYE UTSTILLINGSTEMA I 2010:

- Som nemnt var aktiviteten på **Vitenfabrikken** i 2010 prega av byjubileet i Sandnes. Dei viktigaste nyvinningane i 2010 var som nemnt planetariefilmen «Sandnes, i fortid, nåtid og framtid». den nye installasjonen «Kem e' Sandnes?» og fullføring av utstillinga «Vannets kretsløp» i samarbeid med IVAR.

- På **Vitengarden** er basisutstillinga tilført to nye utstillingsinstallasjonar: «*Det suge*», ei utstilling om flåtten, vårt farlegaste dyr, i samarbeid med Folkehelseinstituttet, Veterinærhøgskulen og Universitetet i Agder. «*Jærert*»: opna på FN-dagen i samband med markeringa av FN's år for «Biologisk mangfald». Eit tema ein har arbeidd med i fleire år er «*Vindenergi*»; nokre eksperiment er komne på plass i basisutstillinga, og det er utarbeidd prosjektskisse for vidare arbeid.

Elles arbeider ein med desse prosjekta: «*Biogass – Steik pølser på grisemøk!*»; museet fekk i 2009 1 mill. i tiltaksmidlar frå KUD for å bygga ny stall, og i 2010 tilsegn om 400 000,- kr, i lokale sponsormidlar. Det er planlagt biogassanlegg i underetasjen på stallen. Arkitekt er ferdig med teikningane og rammesøknad er sendt til kommunen.

«*Mat og matproduksjon*»: breitt samarbeid med produsent-, fôr- og foredlingsindustrien, matforskningsmiljø, kommune og fylkeskommune, «*Landskapslaboratorium*»: i samarbeid med Bioforsk og etter inspirasjon frå Alnarps Landskapslaboratorium/Sveriges Landbruksuniversitet. Forprosjektet påbegynt i 2010 og vil bli avslutta våren 2011.

Jærmuseet har og deltatt i samarbeid mellom matbedrifter, kommune, Måltidets Hus, Rogaland Fylkeskommune og virkemiddelapparat for å få til eit Matakademi for tilsette i bransjen og som ledd i rekruttering av arbeidskraft.

- **Tungenes fyr**: i 2010 blei det opna ei interaktiv «sjømerkeutstilling» kor publikum kan prøva å navigera etter «sjømerke». Sjømerka er nøyaktige kopiar av kardinalmerka som markerar farlege grunner på sjøen. Desse merka har ulike fargekombinasjonar i gult og svart som viser kva for himmelretning merket skal passerast på. I sokkelen er merka utstyrt med raude og grønne lys med rørslesensorar som signaliserar om passeringa skjer på rett eller feil side.

Utstillingsprosjektet om trafikksentraltenesta og sikring av sjøvegen «*Frå varde til VTS*» er sett i gong, i løpet av året blei eit første utkast til utstillingstekstar skriva, i tillegg blei det lagt planar for eksperiment knytt til utstillinga. Utstillinga er planlagt som ei vandreutstilling.

• Klepp bygdemuseum - POSTEN

«Posten kom, posten gikk, 150 år med posthistorie i Klepp og på Jæren». Utstillinga opna 17. oktober og var er eit samarbeid mellom Klepp historielag og Jærmuseet. Posthistorikar Rolf Salte frå Klepp skreiv teksten og samla illustrasjonane til utstillinga.

BREITT FORMIDLINGSTILBOD TIL BARN OG UNGE

Museet legg vekt på eit breitt formidlingstilbod til barn og unge, skular og barnehagar. Mange av undervisningsopplegga for skulane blir utvikla og evaluert i nært samarbeid med brukargruppene. Det blir og tilbydd lærarkurs innanfor ulike emne; i 2010 gjennomførte museet 39 kurs for lærarar, inkludert barnehagepersonale, med i alt 1 248 deltakarar. Alle undervisningstilboda ligg på heimesidene våre. Fleire avdelingar har eksperimentveker eller andre tilrettelagde pedagogiske opplegg for barn og ungdom i feriar og fritid. Det er gjennomført to forskarkurs for barn i Randaberg, i regi av Science Circus. På Vitenfabrikken kan barn bli med i «Astroidene» – barne-og ungsomsavdelinga av Stavanger Astronomiske Foreining.

Vitengarden, i samarbeid med Hå kommune, har i 2010 gjennomført prosjektet «*Ongane i Hå, kære lure dei på?*» Hå kommune finansierer ei førskulelærarstilling på Vitengarden som arbeider med å utvikla særskilde realfagstilbod til barnehagar. Vitenfabrikken samarbeider med Sandnes kommune om matematikk-opplegg for barnehage; kommunen har m.a. hatt si kursing av personell i matematikkformidling på Vitenfabrikken

Jærmuseet deltar elles i fleire samarbeidsprosjekt med andre vitensentra om å utvikla tverrfaglege matematikkopplegg for grunnskulen.

Museet har og eit godt samarbeid med lærarutdanninga på UiS og deltar i EU-prosjekt «*teamwork, training and technology for development of key competences*», og er også godkjent praksisarena for lærarstudentar.


I arbeidet med å utvikla innhaldet i det nye Garborgsenteret har ei nasjonal referansegruppe med 18 vgs-elevar i kommunane Asker, Time og Tynset utgjort eit brukarpanel som har gitt nyttige innspel til utforming av innhaldet i senteret.

Museet er arrangør av regionale finalar i konkurransane Unge Forskarar og Nysgjerriger, og er regional medarrangør av «*Forskningsdagane / Forskingstorget*».



Observasjonsterrassen på Vitenfabrikken er ennå meir spennande når mørket senker seg og me kan få stjernehimlen i fokus.

Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.



Abelline er figuren som formidlar matematikk til ungane i barnehagane.

Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.



Unn Iren Nygård underviser her i temaet «Kokkar i friluft» på Vistnestunet.

Foto: Jærmuseet. →

På veg ned i do – eit fasinierende syn for store og små i utstillinga «Vannets kretsløp» på Vitenfabrikken.

Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.

Det suge!


Flåtten, vårt farlegaste dyr?
The tick, our most dangerous animal?



Utstillinga om flåtten er aktuell for stadig fleire besøkande på Vitengarden.

Foto: Jærmuseet.





Utdeling av prisar under Regional finale Unge Forskere 2010 i Rogaland på Vitengarden. Dei som fekk eller delte ut prisar var Per Arne Sandvold, Solveig Ege Tengedal, Tora Aasland, Målfrid Snørteland, Sissel M. Holmen, Leif Arne Korsmo og Brian Thorsen, Louise Heavey, Sophie Ra.

Foto: Helene Ø. Larsen, Jærmuseet.

← Posthistoriker Rolf Salte midt i utstillinga han var med på å laga på Haugabakka.

Foto: Hans Dybvad Olesen, Jærmuseet.



Fordeling på klasseteg og anlegg i 2010 [medrekna Hå gamle prestegard]:

	VITENGARDEN		VITENFABRIKKEN		HÅ BM		GJESDAL BM		KLEPP BM	
	2010	2009	2 010	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009
Barnehagar	2 892	2 177	931	1 605	60	32	95	0	14	0
Barnetrinnet	5 464	5 293	5 976	8 506	253	110	1 285	880	0	69
Ungdomstrinn.	1 426	1 830	2 096	3 829	144	68	0	0	0	132
Vid. skular	919	1 195	1 216	2 044	15	0	175	211	0	0
SFO, fritidsgr.	718	2 171	1 081	2 594	486	166	320	155	0	0
Studentar	199	212	109	127	0	0	27	0	0	0
